



Hemsingfestivalen

22.–25. februar 2017

Aurdal i Valdres

Velkomen til Hemsingfestivalen 2017

Det er ei stor glede for oss å invitere til ny Hemsingfestival og til femårsjubileet vårt 22.–25. februar 2017. Me har slått på stortromma til jubileet og tilbyr no 15 arrangement med 9 konsertar fordelt på desse dagane.

Me gler oss til å presentere dei fantastiske artistane og musikarkollegaene som me har kjent og vore vener med gjennom fleire år. Ynsket vårt er å skapa «intime møte med stor musikk»! Den magiske stemninga i tette møte mellom publikum og oss musikarane gir oss mykje. Me ser fram til å skapa gode musikkopplevingar, og til at publikum får oppleve nye høgdepunkt og stor musikkglede.

Til 2017 har me utvida festivalen til arrangement på dagtid, i tillegg til dei tradisjonelle konsertane om kvelden. Det blir ei festivalløype alle dagar som alle kan vera med på, eller ein kan velja seg nokre arrangement. I tillegg til kveldskonsertane i Aurdal kyrkje og i SMIA har me tilbod om kunstutstilling, guida skitur, lunsj med minikonsertar, middagar med musikk, foredrag og omvising. I programmet under finn du ei oversikt over alle arrangementa og kvar ein bestiller billettar.

Me vil også leggje til rette eit overnattings- og transporttilbod for deg, om du ynskjer det. Festivalen har inngått samarbeid med Danebu Kongsgaard på Aurdalsåsen, og dette blir festivalhotellet vårt.

Velkomen til intime møte med stor musikk!

Beste helsing
Eldbjørg og Ragnhild,
kunstnarlege leiarar

Informasjon om overnatting, bestilling og transport

Overnatting:

Me har inngått samarbeid om overnatting med Danebu Kongsgaard på Aurdalsåsen, www.danebu.no.

Pris pr. person i dobbeltrom m/frukost: kr 650 pr. natt

Pris pr. person i enkeltrom m/frukost: kr 850 pr. natt

Bestilling av rom: post@danebu.no eller på tlf. 613 57 600. Oppgje kode: Hemsing

NB: Danebu Kongsgaard ordnar med transport til og frå konsertane.

Grupper:

Ta gjerne kontakt med festivalverten vår, Inger Raagholt (inger@hemsingfestivalen.no), så hjelper ho med å sy saman og bestille dei arrangementa du ynskjer i ditt program.

Transport:

Danebu Kongsgaard set opp transport til og frå konsertane for dei som bur på hotellet.

Andre må ordne med transport til arrangementa sjølve. Blir det mange nok som er interesserte i felles transport, vil vi setje opp transport.

Bestillingar og kodar

Billetter til alle konsertane merkte «T» (opnar 1. oktober):

Festivalpass eller billetter til einskilde konsertar kan kjøpast hjå www.ticketmaster.no, eller på telefon 815 33 133. Publikum kan òg kjøpe billetter direkte ved inngangen til konsertlokala eller hente ut reserverte billetter på alle utsalsstadene til Narvesen og 7-Eleven.

Bestilling/betaling av arrangement merkte «IR»:

Send e-post til Inger Raagholt: inger@hemsingfestival.com

Bestilling av hotell eller arrangement merkte «D»:

Send e-post til Danebu Kongsgaard: post@danebu.no

Bestilling av arrangement merkte «Ope hus»:

Inga førehandsbestilling, betaling ved inngang

For meir informasjon om festivalprogrammet, artistane og anna oppdatering, sjå heimesida vår www.hemsingfestival.com.

Artistar 2017:

Eldbjørg Hemsing (fiolin), Norge
Ragnhild Hemsing (fiolin, hardingfele), Norge
Kirill Troussov (fiolin), Tyskland
Anna Fedorova (piano), Ukraina
Ingrid Bjørnov (humorist, pianist), Norge
Tor Espen Aspaas (piano), Norge
Nickolas Schwartz (kontrabass), USA
Andreas Brantelid (cello), Danmark
Anastasia Kobekina (cello), Russland
Dionysis Grammenos (klarinet), Hellas
Leah Hennino (bratsj), Frankrike
Eivind Holtmark Ringstad (bratsj), Norge
Knut Aastad Bråten (langeleik), Norge
Ole Aastad Bråten (langeleik), Norge
Andris Hemsing (hardingfele), Norge
Olav Anton Thommessen (komponist), Norge
Juniorensamblet Barratt Due (strykeorkester), Norge
Valdresstrykerne (strykeorkester), Norge

FESTIVALPROGRAMMET 22.–25. FEBRUAR 2017

Festivalpass til alle åtte konsertane, kr 1500 (gjeld desse konsertane: Festopning, Kyrkjekonsert, I kveldsetun med Ingrid Bjørnov, Musikksporet kl 12.00 eller kl 14.00, Familiekonsert, Konsertkåseri, Virtuosen og Konsertquiz).

Onsdag 22. februar

Kl. 19.00 «Smak med tonar», trerettens middag med musikk på Danebu Kongsgaard

Me tjuvstartar festivalen med god mat og musikk spelt av artistar frå festivalen på Danebu Kongsgaard.

Kr 695. Påmelding og betaling til Danebu Kongsgaard (D).

Sjå heimesida deira for kart og annan info, www.danebu.no.

Danebu Kongsgaard kan med rette seiast å liggje midt i hjartet av det vakre og ville Valdres. Med den unike plasseringa nærare 1000 moh., med ei fantastisk panoramautsikt over Jotunheimen og Hemsedalsfjella, har hotellet likevel kort veg til alle fasilitetar, aktivitets- og

kulturtilbod i heile regionen.

Danebu Kongsgaard er eit historisk hotell med ei spennande gjestebok som inneheld namn på både norske og utanlandske kongelege og idrettsstjerner gjennom tidene. Du kan bu godt i kongsgarden, som har 32 rom med alle moderne fasilitetar.

Kjøkkenet deira haustar gode tilbakemeldingar og nyttar seg av lokale råvarer frå Valdres og nabodalføra.

Torsdag 23. februar

Kl. 17.00 Middag (magjerd) og foredrag på Frydenlund Skysstasjon, Aurdal

Me inviterer til ein forsmak med mat og foredrag om Hamsun og Grieg og deira tilknytning til Aurdal før opningskonserten i Aurdal kirke kl. 19.30.

Frydenlund Skysstasjon ligg i Aurdal sentrum og er frå 1860-åra.

Denne praktfulle sveitserbygningen var ein av mange skysstasjonar mellom aust og vest.

Mange kjente personer har hatt tilknytning til Frydenlund, m.a. Grundtvig, og Nina og Edvard Grieg. Knut Hamsun budde her i to periodar. Han skreiv boka *Victoria* i Aurdal, og statuen av Victoria står ved Frydenlund. Seinare vart bygningen brukt som postkontor og telegrafstasjon. Det er eit Hamsun-museum og eit skulemuseum i huset.

Kr 150 (T eller IR)

Kl. 19.30 Festopning i Aurdal kirke

Opningstale ved Olemic Thommessen

Festivalens opningskonsert med verk av m.a. Tsjajkovskij, Bartok og Sibelius i solo- og kammermusikkformat.

Lengd: 80 minutt

Kr 320 / 220 (T)

Fredag 24. februar

Kl. 11.30 Besøk i Galleri Hilsen, Garlivegen, Fagernes

Dalens mest anerkjente biletkunstnar, Eva Laila Hilsen tek imot oss i sitt «Livets hus», fortel om arbeidet sitt og viser fram måleri, grafikk og teikningar.

Ope hus. Gratis inngang. Parkering ved gamle Elkjøp viss det er fullt utanfor Galleriet.

Kl. 13.00 Minikonsert med festivalens artistar på Noraker Gard med lunsj inkludert

Nils Noraker kåserer om garden og rakfisken. Glaskunstutstilling ved Brit Noraker. Buffé med spesialitetar og kortreist mat.

Kr 490 (IR)

Kl. 17.00 Musikkaperitiff på Danebu Kongsgaard

Musikalsk smakebit med noko attåt før kveldens konsertar i Aurdal. Me samlast til hyggeleg samvære, og det vil bli servert drikke og litt å bite i.

Pakketilbod for fredag kveld: To konsertar, Aurdal kyrkje kl 18.30 og *I kveldsetun med Ingrid Bjørnov* i SMIA kl 21.30. Drikke og enkel servering. Buss ned frå Danebu til konsertane, og buss opp til Danebu etter konsert i SMIA.

Kr 500. Påmelding og betaling til Danebu Kongsgaard (D)

Kl. 18.30 Kyrjekonsert i Aurdal kyrkje

Urframføring av eit nytt stykke komponert til Eldbjørg og Ragnhild Hemsing av Olav Anton Thommessen, og kammermusikkverk av Schubert og Brahms.

Lengd: 75 minutt

Kr 290 / 200 (T)

Kl. 21.30 «I kveldsetun» med Ingrid Bjørnov, SMIA i Aurdal

Med som gjesteartistar er musikarar frå festivalen. Ingrid Bjørnov er Noregs leiande humorpianist. Ho har underhaldt Noreg i 35 år, fyrst som popartist i duoen Dollie, seinere som musikalkomponist og kapellmester, og dei siste 15 åra som musikalsk stand-up-artist, programleiar og forfattar. Ingrid Bjørnov spelar klassisk musikk baklengs, ho gurgler *O mio babbino caro* i originaltoneart, og ho påstår at Benny Andersson og Edvard Grieg er ein og same person.

Lengd: 75 minutt

Kr 300 / 200 (T)

Sal av lokal mat og drikkevarer i SMIA fredag og laurdag kveld.

Laurdag 25. februar

Kl. 11.00 Guida skitur frå Danebu til Bjørgovarden

Turen endar opp ved Aurdal fjellkyrkje og konserten «Musikksporet» kl. 14.00 Turguide: Gerda Grøndahl. Møtestad for skitur: Parkeringa ved Danebu Kongsgaard. Ta med eigensmurt nistepakke. (Bestilling: IR)

Kl. 12.00 «Musikksporet», Aurdal fjellkyrkje på Aurdalsåsen

Matinékonsert med verk av Mozart og Grieg

Ski Classic får eit nytt innhald: Det nye konsert-konseptet «Musikksporet» er ein føremiddagskonsert i Aurdal fjellkyrkje laurdag 25. februar. Her kan publikum gå på ski til konserten og teste ut dei fine skiløypene i området, setje frå seg skia utanfor fjellkyrkja, gå inn i fullt skiantrekk og nyte 45 minutt med klassisk musikk før dei tek på seg skia att og fortset skituren.

Lengd: 45 minutt

Kr 260 / 150 (T)

Kl. 14.00 «Musikksporet», Aurdal fjellkyrkje på Aurdalsåsen

Matinékonsert med verk av Mozart og Grieg

Lengd: 45 minutt
Kr 260 / 150 (T)

Kl. 12.00–16.00 Lunsj på Valdres Folkemuseum, Fagernes

Munkekroen serverer lunsj med à la carte-meny. Ope hus

Kl. 14.00 Familiekonsert, SMIA i Aurdal

Musikarar for framtida.

Konsert med Juniorensamblet Barratt Due frå Oslo med Sigyn Fossnes som dirigent. Solist, Bjørg Pas og Ragnhild Hemsing. Medverkande på konserten er det lokale barneorkesteret, Valdresstrykerne.

Lengd: 60 minutt

Kr 240 (vaksne), kr 0 under 16 år (T) □

Kl. 14.00 Omvising i langeleikutstillinga på Valdres Folkemuseum

Det særnorske instrumentet langeleik har vore spelt i store delar av Noreg, men Valdres er den einaste staden med ein ubrotten levande tradisjon. Langeleikutstillinga på Valdres Folkemuseum presenterer ny kunnskap og stor variasjon i utforminga av instrumentet. For meir informasjon om museet, sjå www.valdresmusea.no.

Kr 100 / 50, betaling ved inngang

Kl. 15.00 Konsertkåseri i festsalen på Valdres Folkemuseum

«Vi må forplikte oss til å føle ungt!», eit konsertkåseri om evigunge Edvard Grieg (1843–1907), hans liv og musikk – og om kunst som «overskudd av lengsel», av og med pianist Tor Espen Aspaas.

Lengd: 45 minutt

Kr 150 / 50 (T eller billett ved inngang)

Kl. 19.00 «Virtuosen», SMIA i Aurdal

Programleiarar: Ole og Knut Aastad Bråten.

Virtuos musikk og kjente klassiske perler.

Lengd: 70 minutt

Kr 290 / 200 (T)

NB! Pakketilbod for laurdag kveld for Virtuosen og Konsertquiz, kr 350 (T)

Kl. 21.00 «Konsertquiz», festivalavslutning i SMIA i Aurdal

Uformell og artig avslutningskonsert på festivalen. Bente Hemsing er programleiar, og alle artistane på festivalen opptrer.

Lengd: 70 minutt

Kr 200 / 100 (T)

NB! Pakketilbod for laurdag kveld for Virtuosen og Konsertquiz, kr 350 (T)

Sal av lokal mat og drikkevarer i SMIA fredag og laurdag kveld.

Omsetjing av Aud Søyland



MAJOR OG ADVOKAT EIVIND ECKBOS LEGAT